

# Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** Gudvangen Fjordtell

**Dato:** 19.06.2017

**Tidspunkt:** 12:30 – 17:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Noralv Distad	Leder	AUR
Olav Turvoll	Nestleder	VIK
Jan Geir Solheim	Medlem	LÆR
Bjørg Djukastein	Medlem	VOSS
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SFFK
Iril Schau Johansen	Medlem	HOFK

## Merknadar

Temamøte om besøksstrategi vart gjennomført frå kl. 14:30 til 17:00. Jan Geir Solheim deltok på møte frå kl. 14.30, og deltok ikkje i behandling av stypesakene.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

## Andre:

Kristoffer Ullern Hansen SNO

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

## Elektronisk godkjent av:

Noralv Distad

Iril Scahu Johansen

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 21/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 22/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 23/17	Referatsaker		
RS 4/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - utsetting av grinner i vernede områder som tiltak mot CWD - svar		2017/1936
RS 5/17	Innkalling til årsmøte i Raudafjell villreinområde 03.06.2017		2017/1860
RS 6/17	Endret ordrebekreftelse på verneskilt - Nærøyfjorden		2017/147
RS 7/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - høve til å søkje oppreising for oversiting av frist for erstatningskrav		2016/3092
RS 8/17	8761 Styviselva - Ferdiggodkjenning - Aurland kommune. NVEs referanse: 200906222-36		2014/831
RS 9/17	Informasjonsmøte om kartlegging av erosjon i Nærøyfjorden		2014/4243
RS 10/17	Invitasjon til møte om besøksstrategi for verneområdet i Nærøyfjordområdet		2013/3025
RS 11/17	Lagerrom på Salthella		2017/1654
ST 24/17	Delegerte saker		
DS 8/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde – løyve til flytting av masse i nedste del av Styviselva		2014/831
DS 9/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde – løyve til å sette opp gjerde på Ytste Fronnes i Aurlandsfjorden		2017/1483
DS 10/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde – løyve til landing med helikopter på Fristølen for transport av materiale og utstyr		2017/1904
ST 25/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde – helikoptertransport i samband med jordskifte		2017/2096
ST 26/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde – sankebu i Ljosdalen		2017/1563

## **ST 21/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 19.06.2017**

### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent med tilføying av referatsak 11/17 - Lagerrom på Salthella, og behandling av styresak 26/17.

## **ST 22/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 19.06.2017**

### **Vedtak**

Iril Schau Johansen vart valt til å skriv under møteprotokoll 19.06.2017 saman med styreleiar.

## **ST 23/17 Referatsaker**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 19.06.2017**

Referatsakene (RS) vart lagt fram til orientering.

Styret hadde fylgjande merknader til RS 11/17:

Lagerrommet er ikkje utført i samsvar med vedtaket. Etter ei samla vurdering oppmodar styret tiltakshavar om å gjera tiltak for å gjera bygget mindre synleg i landskapet. Styret oppmodar om å fylle jord og stein på sida av bygget som vender mot sjøen. Grastorv frå området skal leggast på taket av lagerrommet i samsvar med vedtaket.

**RS 4/17 Nærøyfjorden landskapsvernombord - utsetting av grinder i vernede områder som tiltak mot CWD - svar**

**RS 5/17 Innkalling til årsmøte i Raudafjell villreinområde 03.06.2017**

**RS 6/17 Endret ordrebekreftelse på verneskilt - Nærøyfjorden**

**RS 7/17 Nærøyfjorden landskapsvernombord - høve til å søkje oppreising for oversitjing av frist for erstatningskrav**

**RS 8/17 8761 Styviselva - Ferdiggodkjenning - Aurland kommune. NVEs referanse: 200906222-36**

**RS 9/17 Informasjonsmøte om kartlegging av erosjon i Nærøyfjorden**

**RS 10/17 Invitasjon til møte om besøksstrategi for verneområdet i Nærøyfjordområdet**

**RS 11/17 Lagerrom på Salthella arkivsaksnummer 2017/1654**

## **ST 24/17 Delegerete saker**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 19.06.2017**

Delegerete saker vart fram lagt fram til orientering.

**DS 8/17 Nærøyfjorden landskapsvernombord - løyve til flytting av masse i nedste del av Styviselva**

**DS 9/17 Nærøyfjorden landskapsvernombord - løyve til å sette opp gjerde på Ytste Fronnes i Aurlandsfjorden**

**DS 10/17 Nærøyfjorden landskapsvernombord - løyve til landing med helikopter på Fristølen for transport av materiale og utstyr**

## **ST 25/17 Nærøyfjorden landskapsvernombord - helikoptertransport i samband med jordskiftesak**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 19.06.2017**

### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Svenn Vidar Stegen løyve til lågtflyging og landing med helikopter i samband med jordskiftesak for eigedomane Horten, Nedbergo

og Kappadal. Løyvet gjeld ein dag i perioden frå og med 26. juni til og med 01. juli 2017, og gjeld for fylgjande lågtflyging og landingar:

- Lågtflyging frå sjøen og opp langs Tynnefalsgrovi, grense mot Horten.
- Inntil 2 landingar på fjellet Skorvi ved grense mellom gnr./bnr. 57/2 og Horten.
- Inntil 2 landingar på Nisedalsfjellet ved grensa mellom gnr./bnr. 57/2 og Nedbergo/Kappadal.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombordet og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Lågtflyging og landinga skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for frakt av personar i samband med jordskiftesakene.
- Helikopterflyging og landing skal ikkje føregå på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Flyginga skal meldast til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 970 97 720) seinast dagen før transporten startar.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.08.2017 om gjennomført transport.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune med spørsmål om løyve etter lov om motorferdsel i utmark.

## **ST 26/17 Nærøyfjorden landskapsvernombordet - sankebu i Ljosdalen**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 19.06.2017**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Siver Wangen, gnr. 49, bnr. 1, løyve til å bygge ny sankebu på stølen Ljosdalen i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombordet § 3 punkt 1.3 b). Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Bygget skal setjast opp på gamal stølstuft i samsvar med situasjonsplan i søknaden. Grunnflata på bygget kan vera inntil 4,3 meter x 7,9 meter, totalt 34 m<sup>2</sup>.
- Bygget skal utformast etter tradisjonell byggeskikk for stølshus i området.
- Grunnmuren skal rehabiliterast med stein frå tomta. Det kan plukkast stein frå nærområdet for å supplera manglande steinar til grunnmuren. Det skal ikkje plukkast steinar frå murane på dei andre stølstuftene.
- Til utvendig kledning skal det nyttast trekledning impregnert med fargelaus Royalolje. Kledningen skal vera kanta, etter tradisjonell byggeskikk for området.
- Vindauge skal vera smårutete med faste sprosser, med unntak av vindauge på nordvest-veggen.
- Det skal nyttast taktekking som treng lite vedlikehald og har matt overflate. Dette kan vera tretak med impregnerte bord tilsvarende kledningen, eller bølgjeblekk med matt overflate.
- Torv og vegetasjon skal takast vare på og nyttast til tildekking etter avslutta arbeid.

- Materiale og utstyr skal takast hand om på ein miljøforsvarleg måte. Restmateriale, avfall og utstyr skal fraktast ut av området når byggearbeidet er avslutta.
- Dersom det vert planlagt endringar av godkjente planar, skal styret vurdera om eventuelle endringar krev ny godkjenning.
- Rapport med bilde av tiltaket skal sendast til sekretariatet når arbeidet er slutført.
- Dersom arbeidet ikkje har starta opp innan 3 år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar må senda søknad til Aurland kommune for løyve etter plan- og bygningslova.

Eventuell motorferdsle i samband med byggearbeidet må søkjast særskilt om til Nærøyfjorden verneområdestyre.